



Årsmelding 2023



Deltakarane på murekurset i Sletten med gråsteinsmurar Haakon Aase (t.h.). Vi hadde to slike kurs i 2023.

Botnane og Årebrot grendalag driv ei omfattande verksemd med ansvar for to grendahus, gjennomfører fleire arrangement, og medverkar i viktige saker for folk i bygdene våre. I 2023 hadde grendalaget 148 betalande medlemmer. Det er både fastbuande og utflytte, hyttefolk og andre som kjenner tilknytning til Botnane og Årebrot og vil støtte opp om arbeidet for bygdene.

For tredje gong arrangerte grendalaget bygdehelg midt i juli med mange aktivitetar. Opna med konsert og opning av sendebrettbane. For andre gong arrangerte grendalaget stolpejakt.

I 2023 vart endeleg Frøysjøvegen asfaltert frå Muleham til Myklebust, noko både privatpersonar og grendalag har arbeidd for i fleire år før Vestland fylkeskommune løyvde pengar til føremålet. Vegen vart betre, både å køyre på og brøyte.

2023 vart året då det kom fibernett til Botnane, etter mange års masing. Det var Telenor som stod for det. Det er Enivest som bygger ut fiber på Årebrot. Dei byrja på arbeidet sommaren 2023.

I samband med Bygdehelga 14.-16. juli tok vi i bruk den nye Sendebrettbana i Botnane, som har blitt bygd på dugnad. I august og september arrangerte vi to kurs i turrmuring med den kjende gråsteinsmuraren Haakon Aase. Føremålet er å gjere oss betre i stand til å ta vare på steingardane våre og skjøne verdien av dei.



Styret i grendalaget i 2023: Frå venstre Nina Seljestokken, John Magne Sande(vara) , Helen Aasen, Åsmund Berthelsen og Marion van Eck. Vetle Aase Øvrebotten og varaene Jens Anders Sunde og Hannelse Turunen var ikkje tilstades då biletet vart teke.

Årsmøte 11. mars 2023

Det møtte 14 medlemmer på årsmøte i Botnane og Årebrot grendalag, laurdag 11. mars i Botnane grendahus. Årsmøte handsama årsmelding og rekneskap for 2022, og arbeidsplan og budsjett for 2024.

Åsmund Berthelsen vart attvalt som leiar og kasserar for eitt år, og som medlem av styret for to år. Styremedlem **Helen Aasen** vart attvald for to år.

Nestleiar **Nina Seljestokken** og styremedlemmene **Marion van Eck Ederveen** og **Vetle Aase Øvrebotten** stod ikkje på val.

Hannele Turunen vart vald til nytt varamedlem, etter Jurate Tamosiuniene, som ikkje ynskte attval. **John Sande** og **Jens Anders Sunde** vart attvalde som varafolk til styret. Det var også attval på **Sigfred Nøttingnes** som revisor. Alle for eitt år.

Desse vart valde som valnemnd for 2024: **Rudi van Eck**, **Elisabeth Ruud Nordbotten** og **Marit Brandsøy**.

Medlemmer

Botnane og Årebrot Grendalag hadde 148 betalande medlemmer i 2023. Det er om lag det same som året før. Kontingenten er 150 kr. for vaksne, og 50 kroner for dei mellom sju og 18 år. Medlemmene i Botnane og Årebrot grendalag er både fastbuande og utflytte, hyttefolk og andre som kjenner seg knytte til området, og som vil støtte arbeidet for felles beste.



Grendalaget markerte i desember at det var 30 år sidan bygdene fekk fast vegsamband, med middag og leiaren i Samferdsleutvalet i fylket, Arve Helle på besøk.

Facebooksida og www.Botnane.no

Vi har to aktive nettsider der vi informerer om det som skjer i grendalaget og bygdene. Administratorar av Facebooksida er Bjørg Kleiven (som oppretta sida i 2014), Magni Øvrebotten og leiaren av grendalaget, Åsmund Berthelsen. Magni Øvrebotten held auge med sida som moderator.

Magni Øvrebotten er også redaktør for nettsida www.Botnane.no I tillegg til å skrive om det som skjer i notida prøver ho å samle mest mogeleg om historia til Botnane-Årebrot der. Til det har ho hatt god hjelp av Ståle Sørbotten (1935) og Fridtjov Urdal (1952), som har skrive og samla historisk stoff lenge. Dei hjelper framleis til med det, men redaktøren ser gjerne at fleire vert med på det.

Ein del av intervjuar og reportasjane Magni har skrive for www.Botnane.no har Firdaposten kjøpt for å trykke i avisa. Betalinga for dette stoffet har så langt gått inn på kontoen for Diktarstien i Botnane, til vedlikehald av den.

Om arbeidet

Styret som er referert over har hatt to fysiske møte og har elles nytta messenger til å kommunisere og avgjere nokre saker. Varamedlemmene har også vore kalla inn til styremøta, og delvis møtt. Dette er gjort for å trekke fleire med i arbeidet med saker og tiltak.

Styret har arbeidd med viktige saker etter arbeidsplanen som vart vedteke på årsmøte i 2023. Vi har ikkje greidd å følgje opp alle. Fleire av sakene er det gjort greie for seinare i meldinga. Så her nemner vi dei kort:



Stor dugnadsinnsats med å få ferdig sendebrettbana i påska 2023.

Tiltak

Nærmiljøanlegg

Diskgolfbana eller sendebrettbana som vi har valt å kalle ho er gjort ferdig og spelemidlar innvilga. Bremanger kommune har godkjent bana, og det vart innvilga spelemidlar. Desse vil vi få utbetalt når vi leverer ferdig rekneskap for utbygginga. Utbygginga er godkjent av kommunen.

Etter arbeidsplanen skulle vi planlegge mindre nærmiljøanlegg ved grendahusa. Det har vi diverre ikkje kome i gang med og må ta sikte på få planar ferdig innan fristen for søknad om spelemidlar og andre midlar til hausten. Aktuelle anlegg er mellom anna hinderløype og klatreområde .

Turstiane.

Vi har endå ikkje fått lagt alle stiane inn på ulike digitale kart på nett. Vi har heller ikkje fått merka fleire nærturar, men vi arrangerte stolpejakt både i Botnane og på Årebrot. Vi har ikkje fått til noko fast, formelt samarbeid med turlaga i Florø og i Bremanger.

Gatelys og busstur i Sørbotten

Dette har vi ikkje kome vidare med.

Gjestebrygger

Vi har heller ikkje kome vidare i arbeidet med gjestebrygger og må på årsmøte avgjerde om dette er noko vi skal arbeide vidare med, og eventuelt korleis.



Frå Breivika der grendalaget har starta arbeidet med å få til parkering/stoppeplass for å få opp skilt med informasjon om krigsminna i området.

Krigsminne

Vi har starta arbeidet med å få til parkering/stoppeplass i Breivika der vi også kan få sette opp skilt med informasjon om krigsminna. Fylkeskommunen/Statens vegvesen har ikkje svara på ei skisse til korleis vi kan ordne parkeringa.

Det er ikkje gjort meir med å merke sti fram til krigsminna i Breivika og Nøre Dalen. Styret må lage ein plan for ein stoppeplass i Breivika for dei som ynskjer å vitje Roska. Mål å få skilta krigsminna til 13.mars 2025, 80 år etter at tyskarane fann Roska-stasjonen.

Flaggstong ved Botnane grendahus

Flaggstonga ved grendahuset i Botnane såg ikkje bra ut. Så styret har kjøpt ny flaggstong og John Magne Sande sette den opp no i 2024.

Viktige saker



Det er gledeleg at delar av vegen frå Myklebustkrysset til Sørgulen er utbetra og fått nytt, fast dekke. Men det er behov for å utbetre den uoversiktlege og smale singen ved Myklebuset (bilete) og det er behov for autovern på veg ut frå Vindspollen.

Frøysjøvegen – fylkesveg 577

Fylkeskommunen har delvis utbetra og lagt fast dekke på delar av strekningen frå Myklebustkrysset til Sørgulen. Dette har grendalaget arbeidd for ei god stund. Det vil no bli spela inn stort behov for utbetring av den uoversiktlege og smale svingen ved Myklebust og behov for autovern på veg ut frå Vindspollen. Fylkeskommunen har uttalt at ein vil prioritere utbetringar, så det burde vere mogleg å få dette prioritert.

Styret har vedteke på nytt å få skilta 60 km fartsgrense gjennom Botnane. Det vil verte sendt brev om dette til fylkeskommunen/statens vegvesen. Styret har også vedteke å søkje om å få opp ferjeskilt med Villevika på i Myklebustkrysset.

Båtruter

Det kjem nye, større båtar på rutene i Flora-bassenget. Styret meiner vi må følgje med og sikre at det også i nord vert sju bestillingsplassar. Og så har styret vedteke at det er ynskjeleg med tre avgangar både nord, vest og sør slik at det er mogleg å kome 40 minutt tidlegare med siste avgang frå Florø om kvelden.

Som årsmøte vedtok har styret arbeidd med å få stjernestopp for Kystvegekspressen på veg nordover – og for ruta som går frå Florø til Smørhamn (Sylvarnes) om morgonen.

Tilskipingar

Bygdehelga Botnane-Årebrot 14.-16.juli

Swing jazz frå Sørgulen

Den tredje Bygdehelga Botnane-Årebrot vart opna fredag kveld med feiande swing jazz frå Sørgulen, og god stemning. Eliise Tuul, song og spelte fiolin, og Espen Skartun og Kristian

Skaar spelte begge gitar. Det kom 50 menneske og hørde på i godveret. Kari Brun Ågotnes og Asgeir Øvrebotten var vertskap for kvelden.

Populær lunsjkafe

Lunsjkafeen, med den gode maten til Hannele Turunen og Marion van Eck Ederveen, har vorte eit populært knutepunkt for aktivitetane på laurdag. Her kan ein anten «Ete fyst», som er ein god sunnfjordsk tradisjon, eller etter å ha vore med på ein eller fleire aktivitetar. Det kan også vere kjekt å vere der «berre» for å møte folk.

Fiskekonkurransen i Nøre dalen

Fiskekonkurransen i Nøre Dalen var lagt til føremiddagen for at dei som ville få med seg opninga av sendebrettbana skulle nå ned att i bygda. Det møtte fram mange, både store og små, med fiskestang. Det er premie for den minste fisken, den tyngste og til den som får flest fiskar. Primus motor for fiskekonkurransen i Nøre dalen er Vetle Aase Øvrebotten.



Opning av Sendebrettbana

Botnane sendebrettbane, eller diskgolfbane, har 20 koger (eller hol), og hadde si fyrste turnering laurdag 15. juli 2023. Det var mellom 15 og 20 deltakarar, i grupper på fire-fem, som gjekk heile bana rundt. Det tek si tid for bana er stor og kupert. Viktor Persson vann turneringa. Rune Nordbotten har vore pådrivar for å få til ei sendebrettbane i Botnane.

Skulptursamlinga i skulestova

Det er tredje året på rad at det har vore omvising i skulptursamlinga etter kunstnaren Aase Botnmark (f. Øvrebotten, 1927-2012) i den gamle skulestova i Botnane. Ho ynskte at delar av kunsten hennar skulle kome «heim» etter at ho var død. Familien har deponert vel 20 skulpturar til Bremanger kommune. Dei var fyrst stilte ut i Kulturhuset Heimen i Bremanger, men vart flytta til Botnane i 1921. Det har vore aukande interesse for samlinga for kvart år.

Gudsteneste med kyrkjekaffi

Søndag 16. juli var siste dagen av Bygdehelga. Då var det gudsteneste i grendahuset i Botnane, med sokneprest i ytre Bremanger Dag Leirvik og organist Jarle Grotle. Det var ei fin stund for 15 frammøtte, med kyrkjekaffi etterpå. Elisabeth Nordotten var tilretteleggar.

Strabasiøs tur «Fjellturen» i år var ein tur frå Husefestdalen til Uradalen, med Torleif Seljestokken som kjentmann. Det kom mykje regn natt til søndag slik at elvane vaks og vart strabasiøse å kome seg over. Men det var likevel fire som gjekk turen.

Basar på Årebrot

Bygdehelga vart avslutta med basar på Årebrot grendahus, med 70-80 deltakarar. Der var det loddsal, god mat og utlodning av gevinstar. Framleis er ein god del av dei heimelaga. Det vart selt lodd for om lag 35.000 kroner. Matsal og andre inntekter i bygdehelga var på om lag 15.000 kroner.

Andre tilstellingar gjennom året

Søndagskafeane

Målet er å ha ein søndagskafe i månaden, med unntak av dei månadane vi har større arr. elles. I 2023 vart det 6-7 søndagskafear med alt frå 25 til 14 deltakarar. Vi avlyste eit par kafear pga lite folk heime.

Vi har snakka om ein felles middag i året, men ikkje fått nokon til å ta det på seg.. Søndag 3. desember kjøpte grendalaget inn middag til markeringa av 30 år med fast vegsamband då vegen var ferdig mellom Sørgulen og Botnane i desember 1993. Vegen mellom Botnane og Årebrot vart opna i august 1987. Leiaren av samferdsleutvalet i Vestland fylkeskommune, Arve Helle var med på markeringa. Og det kom 22 personar.

17. mai

vart feira på Årebrot grendahus med god, heimelaga mat og det var god oppslutnad med om lag 30 frammøtte.

Jonsok

Tradisjonen trur var det jonsokbål på Jørnjorda 23. juni. Vel 20 personar kom, og det var fint ver og god fyr i bålet.

Hjortefesten

er det hjortejegarane som står for. I 2023 var hjortefesten lagt til laurdag 18. november. 35 påmelde, til god mat og hjortehistorier, både i bilete og god forteljetradisjon.



Julemessa på Årebrot

For andre året på rad vart det arrangert julemesse og kafe på Årebrot grendahus, laurdag 25.november. Der kom det betydeleg fleire tilreisande enn i fjor, og det var mykje fint kvalitetsarbeid å få kjøpt og god handel. Og mykje god mat på kafeen. Brit Maret Sunde er primus motor og sjansane for julemesse i november 2024 virka for å vere gode.



Sendebrettbane

Botnane sendebrettbane, eller diskgolfbane, har 20 korger (eller hol), og hadde si fyrste turnering laurdag 15. juli 2023. Bana ligg i skogsområdet bak grendahuset i Botnane, og er både stor og kupert. God trim å fare over denne løypa.

Det er Rune Nordbotten som har ivra for å få til ei sendebrettbane i Botnane, inspirert av svigersonen Fredrik Espedal og dottera Bolette Nordbotten Espedal. Resten av familien Nordbotten og bygdefolk har vore med på dugnadane med å få bana opp og stå. Sparebankstiftinga har ytt 30.000 kr til bana, og vi fekk tildelt 89.000 kr i spelemidlar alt fyrste året vi søkte. Vanlegvis går det minst to år frå ein søker om spelemidlar til ein får. Dei samla kostnadene med bana vart på nesten 170.000 kr. Så det betyr at laget må bruke litt av eigne midlar. Vi kjem til å prøve å få litt støtte i etterkant for å få dette dekkja opp.

Stolpejakt

I 2023 vart det for andre året på rad lagt til rette for stolpejakt bygdene våre. Stolpejakta har etter kvart vorte landsomfattande. Og det er ei form for orientering med bruk av digitale kart. Åsmund Berthelsen sette opp 20 stolpar både i Nøre dalen i Botnane og i Uradalen på Årebrot. Stolpane stod ute frå 23. mai til 31. august og vart teke ned til hjortejakta starta 1.9.

I Uradalen vart det registrert 45 stolpejagarar og 70 i Nøre dalen, men begge plassane slit vi med mobildekninga. Det er flest tilreisande som brukar stolpejakta, og vi må ha løyve frå grunneigarane for å kunne sett opp stolpar.

Stolpejakta er eit lågterskeltilbod og gratisopplegg. Det kostar ein del, men vi får ein del sentrale midlar frå dei som arrangerer dette nasjonalt. Vi har prøvd å få sponsorar, men lukkast ikkje. Slik at det vert ein netto kostnad på 15.000 kr. Vi fekk 10.000 refundert frå Stolpejaktforeninga og får mva-refusjon på 6250 kr. Det vart ei prøve og vi må få sponsor eller anna støtte for å kunne halde fram med dette. Og vi skal kan hende ha det berre på ein plass og bruke eit kart.



To vellukka murekurs

Etter oppmoding frå Kjersti Straume-Sande fekk vi gråsteinsmurar Haakon Aase til Botnane for å halde kurs i turrmuring. Føremålet med kursa var å få folk interesserte i, og lære muring, i von om at vi skal kunne halde ved like dei mange steingardane som omgjev oss.

Det var 10 påmelde til kvart kurs, men vi enda opp med åtte på fyrste kurset og ni på det andre. Kvar deltakar betalte kr. 1000 for å vere med. Kursa kosta kr. 20.000 per stk. Vi søkte fleire om støtte til kursa, men det var berre Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane som løyvde oss kr. 10.000. Botnane og Årebrot grendahus enda opp med å betale kr. 10.000 per kurs.

Kursa byrja med ein teorikveld der **Haakon Aase** gav oss innsyn i ulike måtar å mure på. Det fyrste kurset var på Jørnjorda i Øvrebotten, 17.-19.august. Her mura åtte deltakarar ein bakkemur til å sette informasjonsskilt på (t.d. turstiskilt). Prinsippet var at vi skulle mure med den steinen vi hadde, som var henta frå Kviterapet rett ved. Vi lærde å dele steinen, hogge han til og få han til å ligge stødig i muren. Her var muren vi mura i kortaste laget for så mange lærevillige deltakarar.

Det lærde vi av til det andre kurset, i Sletten, 14.-16. september. Då tok vi ned nesten 2/3 av ein gamal steingard mellom dei to yste tuna der, og mura han oppatt. Den originale muren stod, men var delvis utrasa. Vi laga ein opning midt i muren, til å gå i mellom tuna. Med det kunne vi mure frå minst tre kantar og det vart arbeid nok for alle. I Sletten mura vi nær bustadhusa og fekk nyte godt at Ingrid Bruflot sine bakverk i pausane.

Deltakarane melder om trivelege kurs og god læring. Deltakarane var frå Årebrot og Botnane, og frå nærområde som Hjellen, Sørgulen og Kjelkenes. Fleire snakka om kvifor vi ikkje har meir kontakt til vanleg?

Bruk og vedlikehald av sjåverdigheitene våre

Det er vanskeleg å gjere greie for kor mykje besøk det er på **turstiane, Roska-stasjonen i Breivika, Kulturminneløypa (gravrøysene) Botnane-Årebrot og Diktarstien i Botnane**. For alt er lagt opp slik at folk skal kunne gå der på eiga hand og det har vi inntrykk av at blir gjort. Vona er at stiane skal gje både fastbuande og besøkande gode grunnar til å gå seg ein tur og oppleve både naturen og historia vår. Og til å få privatpersonar, lag og organisasjonar til å legge turar hit, og tinge seg betalt omvising.

Våren 2023 hadde Diktarstien i Botnane besøk av ei **litteraturgruppe frå Førde**, på 6-7 personar, som ville gå i Bruheim sine fotefar. Magni Øvrebotten viste rundt og serverte dei mat før heimturen.



Signe Nordvik har årlege turar til Botnane for sykkistar. Her på Diktarstien på Jørnjorda.

11. juni hadde Magni omvising for om lag **35 personar** i ulike aldrar med buss frå Bremanger. Det var Eldrekafeen i Kulturhuset Heimen i Bremanger som stod for turen, i samarbeid med Pensjonistlaget, Saniteten og Frivilligheten. Dei ville oppleve Diktarstien, Kulturminneløypa og skulptursamlinga etter Aase Botnmark. Denne gruppa tinga seg også middag/kaffi etter omvisinga. Vi tinga mat frå Florø og Ragnhild Nøttingnes ordna den til i grendahuset. Dei betalte for både omvising og mat, og var så begeistra at dei betalte 1000 kr. ekstra til vedlikehald av Diktarstien.

Vedlikehald av Diktarstien

Det er laga nye skilt i glas til den største diktsøyla på Jørnjorda, som bokstavane fall av. No er teksten i grå print på glas og skal opp så snart det vârast. Teksten er: *Diktarstien i Botnane/ Med dikt av Jan-Magnus Bruheim*, på begge sider av søyla. Dette er den billegaste og beste løysinga vi kom fram til. Det er den som liknar mest på den opphavlege skiltinga.

Området inn til diktet *Fotefar i stein*, ved Søre elva bak grendahuset i Botnane, har vore svært vått når det regnar mykje. Der har grunneigaren, Torbjørn Øvrebotten, grøfta litt for hand og lagt ut større steinar til å gå på. Det er betydeleg betre å gå der, men der vil alltid vere myrlandt.



Skiltet i Sletten har fått fire føter

Vi skreiv om gravrøysskiltet i Sletten som vinden tok, i årsmeldinga i fjor. Då hadde vi fått opp nytt skilt og meir solide føter. Men vinden herja framlise med det og vi kom til at det store skiltet om Kulturminneløypa Botnane-Årebrot måtte ha fire føter. Det er laga ein «spesialkonstruksjon», ikkje så elegant, men vona er at skiltet står. Torbjørn Øvrebotten og Audun Sande spanderte ein søndag på å få fire føter på dette skiltet, og korta ned på føtene til skilta i Sørbotn og på Opnarhella, slik at dei toler vinden betre. Men å drive med skilt i Botnane er ikkje enkelt.

Fiber i Botnane og Årebrot

I 2022-23 vart det fiber i Botnane. No er det installert i grendahuset. Det var Telenor som la fiber i Botnane. På Årebrot er det Eninvest som har oppgåva og driv med det arbeidet no.

Kunstgåve til grendalaget

I 2023 fekk Botnane og Årebrot grendalag bronseskulpturen «Møte» i gåve frå syskena Tone, Mette og Knut Morten Aaserud. Dei hadde fått han av ei tante som samla kunst. – Det er ei glede å gje denne skulpturen i gåve til grendalaget, og vi håpar at han kan glede mange, skriv Tone Aaserud. Bronseskulpturen «Møte» står i forsamlingslokalet i grendahuset, saman med «Ho mor i ank», som også grendalaget eig. Den kjøpte vi inn i 2005 etter kronerulling i bygda.



Depotøving brann

Den 15. mai hadde Kinn brann og redning depotøving på brannutstyret for Botnane/Årebrot, ved fiskeanlegget i Botnane. Det er der utstyret er stasjonert. Det møtte sju bygdefolk på øvinga. I den nordre enden av Firda settefisk i Botnane er det både hjartestartar og brannutstyr.

Prøveordning med «Ope do»

Sommaren 2023 prøvde vi å ha «Ope do» i grendahuset i Botnane, frå 20. juni til hjortejakta byrja 1. september. Vi kunngjorde det på Fjesboksida vår og med oppslag på døra inn til gangen der det er to do. Vi var 2-3 som heldt auge med at doa varreine og tømde bos. Kor stor bruken var veit vi ikkje, men nokre har betalt. Vi oppmoda brukarane om å vippse kr. 10, per dobesøk for å ha litt for vask og rydding.

Husa våre



Vi har ikkje fått gjort alt vi hadde på planen med dei to husa våre, Botnane grendahus og Årebrot grendahus. Men ein del er gjort. Gangen utanfor skulestova i Botnane har fått nytt

golvbelegg og som nemnt annan stad er ny flaggstong ved grendahuset i Botnane på plass. Vasslekasjen i grendahuset på Årebrot er ordna, men det må byttast ein del plater i taket.

På arbeidsplanen sto utarbeiding av planar for ein garasje med lager for utstyr ved grendahuset i Botnane. Styret har drøfta saka og hatt kontakt med grunneigar på arealet nord aust for grendehuseigedomen. Førebels er det uaktuelt å ha garasje der, og styret har lagt saka på is fordi ein ikkje ser nokon annan plass for garasje/lager nær grendahuset.

Det er no gjort avtale om fast utleige av leiligheta. I den samanhengen har ein skifta ut komfyr og kjøleskåp og det er gjort utbetringar på badet. To rom i leiligheta skal også målast. Innflytting skjer i løpet av våren.

Styret har ikkje greidd å få oversikt over behovet for vedlikehald og reparasjonar på dei to grendahusa.



Stolte fiskarar etter fiskekonkurransen i Nøre vatnet i bygdehelga.

Økonomi

Grendalaget har uteståande to store summar ved årsskifte. Laget har fått innvilga 89.000 kr i spelemidlar til diskgolfbana og leige for tomt til brakkeriggen ved Årebrot grendahus for 2023 på 79.000 kr vart fyrst betalt no i 2024. Såleis er det eit samla underskot på i underkant av 15.000 kr samla for heile drifta. I 2022 hadde laget stort overskot fordi vi fekk overført midlar i samband med overtakinga av Årebrot grendahus.

Leigeinntektene er mykje mindre for både grendahusa. Det som gjeld Årebrot er forklart over og for Botnane var det mindre utleige av leiligheta enn i 2022. Leiligheta vil no verte utleigd på fast basis. Diverse inntekter på sal av mat og på basar, kafear mm er på same nivå som i

2022. Straumutgiftene i Botnane er vesentleg mindre. Og no er leiligheta skilt ut med eigen målar. For Årebrot er det om lag på same nivå dei to åra. Utgiftene til vedlikehald og diverse utstyr er om lag det same for dei to åra.

Summen på nye tiltak som sendebrettbana og stolpejakt er stor, men her vil det også kome inn midlar i 2024 og for stolpejakt får ein refusjon på 50%. Likevel har laget brukt ein del eigne midlar på sendebrettbana og stolpejakta.

Med over ein million kroner på konto har det også vorte litt renteinntekter og det kjem litt inn på grasrottdelen. Kontingentinntektene var dei same for både 2022 og 2023. Det betyr om lag same medlemstalet for dei to åra.

Laget får 34 625 kr i tilskot til kvart av grendahusa frå Guleslettene vindkraft AS.

Rekneskapen for 2023 er ført av Naustdal rekneskapskontor og har kosta 17.000 kr. Med så stor omsetning og så stor eigenkapital er det naudsynt å ha profesjonelle til å gjere den jobben.

No har laget ein konto utgifter til kvart av husa, straum, vedlikehald og utsty. Og så er det ein konto for utgifter og inntekter til ulike tilskipingar både i Botnane og på Årebrot. Også utgifter til grendahuset i Botnane, straum, utstyr mm vert dekte av midlar frå denne kontoen. For Årebrot er det ein eigen huskonto med midlar vart overført i samband med overtakinga av egedomen. Denne kontoen skal gå til drift av Årebrot grendahus. No bør det ordnast slik at dei to husa har kvar sin konto der midlane skal gå til straum, utstyr, vedlikehald mm. Medan det vert ein felles konto for inntekter og utgifter til ulike arrangement og tiltak.

Altså to huskontoar og ein driftskonto. Årebrot grendahus sin huskonto er midlane som vart overført i samband med overtakinga av egedomen. Her står i protokollen frå møte som avgjorde dette, at midlane skal gå til drift av Årebrot grendahus. Kva drift av huset er, er ikkje nærare forklart. Kontoen har pr. nyttår ein saldo på om lag 590.000 kr. Huskontoen for Botnane grendahus (sparekonto) er på 313.000 kr.

Vurdering

Botnane og Årebrot grendalag har ein uvanleg stor aktivitet når ein ser på kor mange folk som bur i dei to grendene. Og grendalaget arbeider med mange saker. Så mange at styret ikkje har greidd å følgje opp på ein god nok måte. For å greie det må styret legge opp til ei endå betre arbeidsdeling og også engasjere folk utanom styret og varamedlemmene.

Men når vi får gjort så mykje som vi gjer skuldast det også at mange stiller opp og tek i eit tak. Det siste året har fleire kome til. Og så har vi mange utanom dei to bygdene som støttar arbeidet med å vere medlem og følgje aktiviteten på heimeside og fjesboka. Heimesida og fjesbokside vert lagt merke til langt utanfor både Bremanger og Kinn og er svært profesjonelt laga, og gjer det vi driv med kjent utover vårt eige område.

9.mars 2024 Åsmund Berthelsen (leiar)



Foto. Gerd Gjelsvik



Foto: Åsmund Berthelsen